



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk etat
Byggjesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Søderstrøm Blomster
Lyngvegen 1,

5914 ISDALSTØ

ARKIV

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Direkte tlf:	Arkivkode:	Dato:
	01/02330-2	Tore Svendsen	56 35 66 13	188/385	24.10.2001

Melding handsama av bygningssjefen sak 119/01

TAK TILKNYTT EKSIST. DRIVHUS - NYBYGG SØDERSTRØM BLOMSTER – GNR 188 BNR 385. GJERVIK YTRE

Meldinga Dykkar om tiltak etter Plan- og bygningslova(pbl) § 85, om montering av forsterka tak på drivhusbygg, vart motteke den 23.10.2001.

Bygningssjefen har ingen merknader til tiltaket.

Bygningssjefen ynskjer likevel å gjera Dykk merksam på at De som tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Pbl. § 77.1.

Bygningssjefen gjer vidare merksam på at dersom tiltaket ikkje vert sett i gang innan 3 år etter at meldinga vart motteke av kommunen, eller at tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 96.

Gebyr for sakshandsaming vert kr 750,-.

Som tiltakshavar må De melda frå til byggjesaksavdelinga, når arbeidet vert starta opp og når det vert avslutta.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

for bygningssjefen

Tore Svendsen
sakshandsamar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5914 ISDALSTØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr. 935 084 733